



**Fylkesmannen i
Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

LINDÅS KOMMUNE	
Klasse.no	
23. 12. 2016	
Ark. saksnr 14/3270	Løpenr
Saksr.	Tilgangskode

Vår dato
21.12.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/8904 752
Dykkar referanse

Oppnemning av medlemar til felles forliksråd - Lindås - Meland - Modalen - 2017 -2020

Kommunestyra i Lindås, Meland og Modalen har gjort vedtak om å ha eit sams forliksråd for perioden 2017-2020.

I vårt brev datert 13.12.2016 oppnemnte Fylkesmannen medlemar og varamedlemar til Forliksrådet. Rekkefølga vart gjort på bakgrunn av informasjon frå Nordhordland lensmannskontor, som er sekretariat for forliksrådet.

Etter ei gjennomgang viste det seg at oppnemninga ikkje var i tråd med føresetnadene i kommunane sitt fellesvedtak om felles forliksråd. Ørjan Evald Kristiansen frå Meland kommune vart oppnemnt som leiar, medan Lindås kommune hadde valt Nina Stabell Øvreås som leiar.

Fylkesmannen bad difor kommunane om å på nytt bli einige om rekkefølga på medlemane.

Val av medlemar og rekkefølga på disse er no stadfesta av alle tre kommunane. I medhald av domsstollova § 58 vert difor følgjande personer oppnemnde som medlemar og varamedlemar for felles forliksråd for Lindås, Meland og Modalen for perioden 2017 – 2020:

Medlemar:

1. Nina Stabell Øvreås (leiar, Lindås)
2. Ørjan Evald Kristiansen (Meland)
3. Laila Bjørge (Lindås)

Varamedlemar:

1. Marit Kristin Nygard Nese (Modalen)
2. Siri Førde Flatøy (Meland)
3. Geir Follese (Lindås)

Har leiaren forfall, skal vedkomande medlem som står etter han i oppnemninga tre inn som leiar i forliksrådet dersom han kan gjere teneste. Varamedlemar vert kalla inn i den rekkjefylgja oppnemninga syner.

Oppnemningar er gjort under føresetnad av at medlemane oppfyller krava i dl. § § 53, 56 og 71 - 74.

Vi ber om at medlemar og varamedlemar i forliksrådet vert gjort kjende med oppnemninga. Vi ber og om at medlemar og varamedlemar underteiknar vedlagte dommarforsikring og returnerer denne til Fylkesmannen.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Marte Ruvang Karlsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Nordhordland lensmannskontor v/Margun Grasdal Postboks 33 5902 ISDALSTØ